Netto bokførte forpliktingar inkl arbeidsgjevaravgift	13 177 449	15 808 664

I årsrekneskapen 2022 for Årdal Energi konsern er ikkje pensjonsforplikting balanseført for alle selskapa i konsernet med ytingsbaserte pensjonsordningar. I årsrekneskapen for 2023 er dette hensyntatt, og samanlikningstal for 2022 er omarbeidd tilsvarande.

Medlemsstatus:	2023	2022
Talet på yrkesaktive personar i ordninga	26	27
Talet på oppsette personar i ordninga	14	11
Talet på pensjonistar i ordninga	20	18

Økonomiske forutsetningar:	2023	2022
Diskonteringsrente	3,10 %	3,00 %
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	5,30 %	5,20 %
Forventa lønnsvekst	3,50 %	3,50 %
Årleg pensjonsregulering	2,80 %	2,63 %
Årleg regulering av grunnbeløpet i folketrygda	3,25 %	3,25 %

Notar til rekneskapen 2023

Note 14 Lån, pantstilling og garantiar mv.

Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt:

Morselskap 2022	Morselskap 2023		Konsern 2023	Konsern 2022
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	35 046 860	36 830 030

Gjeld som er sikra ved pant ol:

Morselskap 2022	Morselskap 2023		Konsern 2023	Konsern 2022
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	55 839 769	43 212 880

Bokført verdi av pantsette eigedelar:

Morselskap 2022	Morselskap 2023		Konsern 2023	Konsern 2022
0	0	Linjer/infrastruktur	117 478 402	115 874 099
0	0	Driftsutstyr og inventar	5 017 476	3 567 200
0	0	Kundefordringar	32 030 477	38 238 180
0	0	Sum	154 526 355	157 679 479

Note 15 Mellomverande med dotterselskap

	2023	2022
Andre kortsiktige fordringar	15 660 377	51 299 186
Anna kortsiktig gjeld	0	10 069 500
Sum	15 660 377	41 229 686

Note 16 Bankinnskot

Morselskap 2022	Morselskap 2023		Konsern 2023	Konsern 2022
16 920	16 296	Bundne skattetrekksmidlar	897 017	1 050 900

Lokal kunnskap, i godt samarbeid

ÅRDAL ENERGI HOLDING

ÅRSRAPPORT 2023





Innhald

Konsernsjefen har ordet 4
90 år med historie 6
Årdal Energi Holding 8
Visjon og verdiar 9
Hovudtal konsern 2023 10
Strategi 11
Berekraft og samfunnsansvar 12
Konsernleiing og struktur 14
Årdal Kraftlag 16
Straumnett 18
Årdalsnett 20
Enduser 22
Årdal Energi Produksjon 24
Sogn Miljøkraft 26
Årsmelding frå styret 28
Økonomi og finans 30
Kontantstraum og balanse 30
Disposeringar 30
Drift 2023 31
Årdal Kraftlag 31
Straumnett 33
Årdalsnett 36
Enduser 38
Årdal Energi Produksjon 38
Sogn Miljøkraft 39
Arbeidsmiljø og personale 40
Personale 40
HMS 40
Sjukefråvær 40
Likestilling 41
Resultat og balanse 42
Notar 48

– Eit hektisk, men spennande år

2023 var det første heile driftsåret mitt som dagleg leiar i Årdal Energi Holding etter at eg blei tilsett mai 2022. Det har vore både lærerikt, utfordrande og spennande, og eg skal jobba hardt for å vidareføre det gode arbeidet som er lagt ned av min forgjengar.

Det er ingen tvil om at det har vore ein del endringar i energibransjen dei siste åra med nye myndigheitskrav og ei tid prega av straumpriskrise. For å stå best mogleg rusta i framtida har selskapet vore gjennom ein omfattande strategiprosess som skal vere rettesnora for vegen vidare.

Konsernet skal vere ein pådrivar for å sikra og utvikla fornybar energi og infrastruktur til innbyggjarar og næringsliv i Årdal, og dessutan vera kommunen sitt fagmiljø på dette.

Med eit stort fokus på berekraftig utvikling skal dotterselskapa i større grad samhandle for å få til positive synergiar på huset med ei sterkare og meir samordna leiing. Me spelar vidare på verdiane våre som er å vera ein trygg og offensiv lagspelar. Skal me lukkast med strategien vår er me avhengig av å styrke kapitalbasen for framtidig vekst.

2023 vart nok eit godt økonomisk år for konsernet, med eit resultat etter skatt på 35,5 millionar kroner. Me er stolte over at me har delt ut rekordstore summar gjennom sponsing til lokale lag- og organisasjonar i bygda vår gjennom året som har gått. I tillegg har me delt ut store deler av overskotet vårt til eigaren vår, Årdal kommune.

I løpet av 2023 har konsernet styrkja kommunikasjonsarbeidet ved å tilsetja ein kommunikasjonsansvarleg. Dette er i tråd med strategien om å sikre rett kommunikasjon til forbrukarane og for å auke kunnskapen om alle selskapa i konsernet. Me har etablert eit nytt programmeringsselskap, Enduser, som går veldig spennande tider i møte.

I august kjøpte me oss inn i Norsun, som då gjennomførte ein fullteikna emisjonsrunde. Dei ønskte å ha oss med på laget og me meiner det er viktig å bidra med lokalt eigarskap.

Me har også, som ein del av vår strategi innan berekraft, starta opp eit nytt produksjonsselskap og tilsett ny prosjektutviklar som skal utvikla og driva fram prosjekta våre innan fornybar energi.

Parallelt med dette har me vore i dialog med Hydro Rein, som er Hydro sitt dedikerte selskap for utvikling av fornybar energi. I januar 2024 skreiv me under på ein intensjonsavtale der me no skal kartleggja kva behov industrien har og kva moglegheiter som finst for kraftutvikling i regionen.

Me har i løpet av året delteke både i formannskapet og kommunestyret der me har fortalt om planane og strategiane våre. Det er viktig for oss å synleggjera retninga for konsernet og vonar om gode prosessar i både eigarskapsutval og kommunestyret i tida framover.

Eg vil nytta høvet til å takka dei tilsette for ein framifrå innsats. Sjølv om me er inne i ei tid med mange endringar viser dei dedikasjon og engasjement i jobben dei utfører på tvers av selskapa på huset.

Difor var det ekstra gledeleg at nettselskapet vårt Straumnett i juni gjekk heilt til topps i kåringa om å vera det mest stabile nettselskapet i landet, basert på 2022-tala. Dette var ei utruleg kjekk melding å få, og viser at sjølv om me er små, gjer ein stor og god jobb.

Eg vil også rette ein stor takk til Edvard Holsæter som har 45 år bak seg i konsernet. No har han gjeve frå seg stafettpinnen som nettsjef for Straumnett, men me får heldigvis nytta oss av den gode kompetansen i det vidare arbeidet når Edvard no går over i ei ny rolle som senioringeniør.

Til slutt vil eg takka alle kundar, samarbeidspartnarar og Årdal kommune for godt samarbeid. Me gler oss til eit spennande 2024!

Jan Stian Smedegård,
Konsernsjef



Foto: Jan Ove Sørjenning

Foto: Norton Sørbrenn

Me er stolte over at me har delt ut 1,9 millionar kroner gjennom sponsing til lokale lag- og organisasjonar i 2023. I tillegg har me delt ut store deler av overskotet vårt til eigaren vår, Årdal kommune.

90 år med historie

Årdal Energi er ei historie om vekst, utvikling og samfunnsansvar.

Det heile starta den 27. september 1933, då Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning fekk driftsløyve.

Den 25. november 1945 skifta Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning namn til L/L Årdal Kraftlag, før selskapet igjen bytte namn til Årdal kommunale kraftforsyning den 22. juli 1954.

Med tida gjekk selskapet gjennom ulike selskapsformer og nye namneendringar. Den 1. januar 1989 blei selskapet omorganisert som ei kommunalbedrift og bytte namn til Årdal Energiverk.

Etter vedtak i kommunestyret den 24. mars 1994, endra selskapet namn til Årdal kommunale energiverk, og gjort om til ei kommunal særverksemd under Årdal kommune.

Den 14. juni 2001 vart selskapet omforma til eit kommunalt føretak (KF), med Årdal Energi KF som det nye namnet frå og med 1. januar 2002.

På grunn av endringar i energilova vart Årdal Energi KF delt i to nye selskap frå og med 1. juli 2019; Straumnett AS, som driftar og byggjer straumforsyningsnettet i Årdal kommune, og Årdal Kraftlag AS, som kjøper og sel konsesjonskraft. Desse selskapa er heileigde av Årdal kommune sitt dotterselskap, Årdal Energi Holding AS.

Historia viser at Årdal Energi har vore meir enn berre ein leverandør av elektrisitet. Konsernet, som i dag tel 6 selskap, har vore ein pådrivar for vekst, utvikling og samfunnsansvar.

Med framtidige utfordringar og moglegheiter i sikte, er Årdal Energi klare til å møte framtida med stoltheit og pågangsmot, som har kjenneteikna selskapet i ni tiår.



VISJON

Me skapar verdiar saman

Årdal Energi Holding

Årdal Energi Holding skal vere ein pådrivar for å sikre og utvikle fornybar energi og infrastruktur til innbyggjarar og næringsliv i Årdal, og dessutan vere kommunen sitt fagmiljø på dette. Saman med dotterselskapa skal Årdal Energi Holding vere ein attraktiv kompetansearbeidsplass i kommunen.

Verdiar

Trygg:
Me har eit godt arbeidsmiljø med ei open, ærleg og ordentleg arbeidsform. Gjennom høg kompetanse, gode system og stor lokalkunnskap skapar me tryggleik for alle.

Offensiv:
Styre og tilsette har ei offensiv haldning til nytenking og viser vilje til utvikling.

Lagspelar:
Me gjer kvarandre gode og leverer kvalitet. Me er her for deg.

Hovudtal konsern

Lønnsomhetsanalyse – avkastning på kapital	2023	2022	2021
Resultatgrad	35,02	36,18	13,37
Totalkapitalrentabilitet	17,99	28,36	8,68
Eigenkapitalrentabilitet før skatt	29,53	45,93	12,90
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	23,09	37,46	10,22

Likviditet – evne til å betale gjeld ved forfall	2023	2022	2021
Likviditetsgrad 1	2,84	2,51	1,40
Likviditetsgrad 2	2,82	2,49	1,38
Likviditetsgrad 3	1,77	1,47	0,50
Arbeidskapital	76 686 237	65 275 550	19 150 827
Arbeidskapital i prosent	63,39	39,03	14,45
Varelagerets omløpshastighet	63,80	83,97	67,23

Soliditet – bedrifta si evne til å tåle tap	2023	2022	2021
Egenkapitalandel i prosent	56,12	59,13	61,15
Egenkapital av omsetning	115,42	84,39	94,68
Finansieringsgrad	0,67	0,68	0,88
Rentedekningsgrad	11,79	35,86	19,39
Gjeldsgrad	0,78	0,69	0,64

Resultat	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	141 774 107	182 496 495	132 542 353
Sum driftskostnader	100 707 745	122 250 692	114 998 394
Netto finans	4 371 694	3 944 967	-732 918
Driftsresultat	41 066 361	60 245 803	17 543 959
Ordinært resultat før skattekostnad	45 438 055	64 190 770	16 811 041
Årsresultat	35 534 059	52 344 458	13 316 067

Tilsette **Sjukefråvær** **Kraftkundar**

Selskap **Nettkundar** **Internettkundar**

Strategi

Hausten 2022 utarbeida styret og konsernleiinga ein strategi for 2023–26 som legg føringar for selskapet si utvikling. Forretningsideen til Årdal Energi Holding er å ta vare på Årdal kommune sine eigarinteresser. Det skal selskapet gjera ved å spela på definerte verdiar og visjonar. I dette arbeidet jobbar selskapet etter følgjande delstrategiar:

Berekraftig utvikling

- Ta aktiv eigarrolle i ny produksjon og nye energiformer
- Utvikle kommunen sitt kompetansemiljø på energi og infrastruktur
- Ta eit aktivt samfunnsansvar

Styrke kapitalbasen

- Styrke kapitalbasen i konsernet for framtidig vekst

Utvikle konsernstruktur

- Ta aktiv eigarrolle i å utvikle nye tenester som støttar opp under konsernet og arbeidsplassar i kommunen.
- Optimalisere organisasjonen

Kommunikasjon og marknad

- Sikre rett kommunikasjon til forbrukarane
- Auke kunnskap om alle selskapa i konsernet

Foto: Kenneth Vinstad

Berekraft og samfunnsansvar

Årdal Energi Holding AS skal vere ein viktig aktør i utviklinga av det grøne skiftet og bidra til ein meir berekraftig energiutvikling i vår region. Gjennom våre selskap og investeringar skal konsernet bidra til ei berekraftig utvikling av lokalsamfunnet. Konsernet har valt ut tre av FNs berekraftsmål som skal vere rettesnor for det vidare arbeidet.

GRØN SATSING

Me vil sikre tilgang til pålitelig, berekraftig og moderne energi til ein overkomeleg pris for alle.
Årdal Energi Holding har ein visjon om å drive samfunnet framover på ein måte som sikrar både dagens og framtidige generasjonar sine behov. Fornybar energi er sentralt for eit framtidig lågutsleppssamfunn og berekraftig utvikling. Hausten 2023 vart Årdal Energi Produksjon stifta. Selskapet har som mål å fremje fornybar kraftproduksjon og posisjonere seg som ein sentral aktør innan grøn energi.
Med denne etableringa har konsernet styrkja sitt engasjement for rein, fornybar energiproduksjon og utvikling av ny infrastruktur.

FRAMOVERLENTE

Me skal byggje solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftige industrialisering og innovasjon.
Årdal Energi Holding skal vera ein god tilrettelegggjar for næringsutvikling og etablering av nye arbeidsplassar. Me jobbar kontinuerleg med å utvikle infrastrukturen og innovative løysingar for at Årdal skal utvikle seg i takt med tida.

Tek samfunnsansvar på alvor

Me vil gjere lokalsamfunna inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.
Årdal Energi Holding tek eit tydeleg samfunnsansvar. Selskapet sine etiske verdigrunnlag er eit viktig styringsdokument som tek sikte på å byggje tillit og vere respektert bedrift og samfunnsaktør. Selskapet stiller strenge krav til leverandørar om å overhalde grunnleggjande lover og reglar knytt til arbeidstakar- og menneskerettar.

Årdal kommune skal vere ein god stad å vekse opp, leve, bu og jobbe i. I 2023 bidrog dotterselskapa våre, Årdal Kraftlag og Årdalsnett, med over 1,9 millionar kroner i sponsorstøtte. Verksemdene har støtta opp om dei store arrangementa, men har også retta søkjelyset mot dei små, livlege hendingane som utgjer kjernen i lokalsamfunnet.

Det er ikkje berre pengar ein deler ut, men òg ei anerkjenning og ein takk til dei som legg ned ein fantastisk dugnadsinnsats. Konsernet er ein aktiv medspelar i bygginga av eit inkluderande, trygt og berekraftig samfunn.

Foto: Morten Sortland

VISSTE DU AT

Årdal Energi Holding har bidrege med 100 millionar kroner til Årdal kommune i form av utbytte og kjøp av konsesjonskraft siste fem år?

Brønnøysundregistrene Årsregnskap regnskapsåret 2023 for 922955220

Konsernleiinga

Jan Stian Smedegård	Bjarte Kapstad	Ruth Marit Saur	Thomas Norheim Moen	Edvard Holsæter
Konsernsjef Årdal Energi Holding	**Nettsjef** Straumnett	**Økonomisjef** Årdal Kraftlag	**Dagleg leiar** Årdalsnett og Enduser	**Senioringenier** Straumnett

Konsernstruktur 2023

Ved utgangen av 2023



Foto: Mads Hegjaa

VISSTE DU AT

Årdal Energi Holding har 31 tilsette i 6 dotterselskap med kontoradresse Utladalsvegen 1?

Foto: Martin Sortland

Årdal Kraftlag

Årdal Kraftlag kjøper og sel konsesjonskraft. Selskapet skal tilby kraft til konkurransedyktige prisar, og dessutan skape verdiar for Årdal kommune og lokalsamfunnet. I tillegg skal Årdal Kraftlag levera administrative tenester i konsernet.

Visjon: Den føretrekte leverandøren av kraft i Årdal

Aktuelle nøkkeltal

	2023	2022
Tilsette	6	5
Tal kundar	3426	3425
Omsetnad	83,3 MNOK	122 MNOK
Kraftsal, GWh	111	125
Resultat før skatt	36,9 MNOK	50.3 MNOK
Årsresultat	**28,8 MNOK**	**40,4 MNOK**





Foto: Sofie Moen

VISSTE DU AT

Årdal Kraftlag sine kraftprisar har vore 10 øre billigare i snitt enn spotmarknaden i vårt prisområde i 2023?

Straumnett

Straumnett AS har områdekonsesjon for å drifta og bygga straumforsyningsnett i Årdal kommune. Vårt ansvar er å yta ein god og driftssikker straumforsyning til kundar i alle område av kommunen.

Visjon: Stabil straum, høgt og lågt–nett der du er!

Aktuelle nøkkeltal

	2023	2022
Tal tilsette	10	10
Tal nettkundar	3602	3590
Omsetnad	33,1 MNOK	46,4 MNOK
Overføring i nett, GWh	81,2	79,2
Leveringspålitelegheit	99,993 %	99,994 %
Resultat før skatt	4,9 MNOK	9,7 MNOK
Årsresultat	3,9 MNOK	7,1 MNOK



* Per Inge Bøle, Stian Bye, Jon Inge Øvrebø, Johannes Finden Skaim og lærling Sondre Bøle



Foto: Morten Sørland

VISSTE DU AT

Straumnett er blant nettselskapa i landet med størst høgdeskilnad på anlegga sine, med sjøkablar på 890 meters djup og kablar på 1510 meters høgde?

årdalsnett

Årdalsnett skal vere ein totalleverandør av breiband og TV-løysingar i Årdal, Lærdal, Aurland og Vang kommune. Selskapet skal vidareutvikle sine nettverk slik at alle kundane effektivt og enkelt kan samhandla seg i mellom, og at dei får ein brei, felles veg ut mot omverda.

Visjon: Nær deg. Alltid.

Aktuelle nøkkeltal

	2023	2022
Tal tilsette	10	13
Totalkundar internett	3688	3607
Omsetnad	32,4 MNOK	30,2 MNOK
Årsresultat	1,9 MNOK	1.6 MNOK

Thomas N. Moen
Dagleg leiar

Paula Fykse
Sal- og marknadsleiar

Kristian Heggestad
Teknisk sjef

Leif-Sigurd Guttormsen
Bedriftsrådgjevar

Ove Birger Røneid
Teamleiar Privatmarknad

Marius Lemme
Lærling Salsfaget

Ivan Øy
Fiberteknikar

Daniel Rinde
Kundebehandlar

Michal A. Leszczynski
Lærling Dataelektronikar

Kjartan Smedegård
Fibermontør

Foto: Frank Tindlink

VISSTE DU AT

Årdal var ein av dei aller første kommunane i landet med 100 prosent utbygd fiber?

Styret: Årdal Energi Holding eig 66 prosent av aksjane i Årdalsnett, medan Enivest eig dei resterande 34 prosentane.

Årdalsnett har eit eige styre som er samansett slik:

Anne Kauppi ..... Styreleiar
Jørgen Tomas Luggenes ..... Styremedlem
Nandor Helgheim ..... Styremedlem
Jan Stian Smedegård ..... Styremedlem

Enduser er eit programvareselskap som vart starta opp våren 2023. Selskapet tilbyr eit produkt som dekkjer kunden sitt behov på meir enn eitt område. Programmet dannar synergiar gjennom å samla alle tenester på ein stad. Tenesta skal kunne vekse saman med kunden og skal letta arbeidskvardagen med innovative og kreative løysingar. Selskapet sitt overordna mål er å vera ein programvareleverandør som leverer kvalitet i alle ledd.

Visjon: Framtidas infrastruktur i utvikling





VISSTE DU AT

Enduser vart starta opp våren 2023 og har allereie sikra seg fleire små og mellomstore kundar, både lokalt og nasjonalt?

Årdal Energi Produksjon

Årdal Energi Produksjon vart etablert hausten 2023 og skal vera konsernet sitt dedikerte selskap på fornybar kraftproduksjon i Årdal kommune. Som ein del av konsernet sin strategi innan berekraftig utvikling skal Årdal Energi Produksjon verta ein viktig aktør i utviklinga av det grøne skiftet, og bidra til ei meir berekraftig energiutvikling i vår region.

Våre delstrategiar

- Utgreie, investere og utvikle alternative vasskraftverk i lokalmiljøet.
- Utgreie, investere og utvikle alternative energiformer i lokalmiljøet.
- Utgreie, investere og utvikle infrastruktur i lokalmiljøet.
- Utvikle kommunen sitt kompetansemiljø på energi og infrastruktur.



Foto: Morten Sandvik

VISSTE DU AT

Årdal Energi Produksjon med si korte fartstid allereie har mange spennande prosjekt på gang?

Sogn Miljøkraft

Sogn Miljøkraft skal vere ein viktig aktør innan berekraftige energiløysingar ved å utnytte spillvarme frå industrielle prosessar til oppvarming av bygningar og lokalsamfunn. Selskapet ønskjer å skape ei grønare og meir berekraftig framtid gjennom innovasjon, samarbeid og miljøbevissthet.

Visjon: Ei grøn og varmare framtid.

Styret består av:

NAMN	VERV
Egon Mogens Moen	Styreleiar
Anne Kathrin Lislelid Hæreid	Styremedlem
Jarle Teigen	Styremedlem
Robert Sandvik	Styremedlem
Arild Hatlelid	Styremedlem
Bjørn Thomas Haugen	Styremedlem
Jostein Bugjerdet	Styremedlem

VISSTE DU AT

Sogn Miljøkraft har fått 7,4 milionar frå Enova for spillvarmeprosjektet på Årdalstangen, og støtte til å utarbeide ei konseptutgreiing i Øvre Årdal?

Styret si årsmelding 2023

Årdal Energi Holding AS er heileigd av Årdal kommune. Konsernet skal vera ein pådrivar for å sikra og utvikla fornybar energi og infrastruktur til innbyggjarar og næringsliv i Årdal. Konsernet si verksemd omfattar selskap innan nett, kraft, TV og fiber, produksjon og programvare-utvikling. Årdal Energi Holding har forretningsadresse Utladalsvegen 1 i Øvre Årdal.

Egon M. Moen
Styreleiar

Kirsti Eklund
Nestleiar

Trude Gjermo
Styremedlem

Tor Erik Sveen
Styremedlem

Stian Marius Bye
Tilsetterepresentant

Foto: Morten Sortland

Økonomi og finans

Konsernet sitt årsresultat etter skatt for 2023 vart på 35,5 MNOK. Det er 16,8 MNOK lågare enn rekordåret 2022. Konsernet sine driftsinntekter vart på 141,8 MNOK. Dette er 40,7 MNOK lågare enn for 2022. Nedgangen kjem i all hovudsak som følgje av lågare inntekter frå kraftsal.

Konsernet sitt driftsresultat for 2023 vart på 41,1 MNOK mot 60,2 MNOK i 2022.

Årdal Energi-konsernet sine finansinntekter var på 8,6 MNOK i 2023. Av dette var 0,6 MNOK konsernet sin resultatdel frå tilknytte selskap, 6,8 MNOK kom frå renteinntekter, og 1,2 MNOK frå andre finansinntekter.

Konsernet sine finanskostnadar i 2023 var 4,2 MNOK mot 1,8 MNOK i 2022.

Ordinært resultat før skattekostnad vart 45,4 MNOK, mot 64,2 MNOK i 2022.

Samla skattekostnadar for 2023 vart på 9,9 MNOK, mot 11,8 MNOK i 2022.

Årsresultatet for morselskapet Årdal Energi Holding AS vart på 16,9 MNOK samanlikna med 41,0 MNOK året før.

	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	141 774 107	182 496 495	132 542 353
Sum driftskostnader	100 707 745	122 250 692	114 998 394
Netto finans	4 371 694	3 944 967	-732 918
Driftsresultat	41 066 361	60 245 803	17 543 959
Ordinært resultat før skattekostnad	45 438 055	64 190 770	16 811 041
Årsresultat	35 534 059	52 344 458	13 316 067



Kontantstraum og balanse

Netto kontantstraum frå operasjonell aktivitet i året vart på 44,7 MNOK i 2023. Dette er 9,1 MNOK mindre enn i 2022 (53,8 MNOK).

Disponeringar

Årsresultatet i Årdal Energi Holding var på 35,5 NOK i 2023. Konsernet sin utbytepolitikk har lagt til grunn at det kan betalast ut inntil 50 prosent av overskotet frå ordinær drift i utbytte.

Disponeringar	NOK
Tilleggsutbytte	5 000 000
Ordinært utbytte	10 339 700
Avsett konsernbidrag	0
Avsett til minoritet	800 369
Avsett til anna eigenkapital	19 393 991
Sum disponert	35 534 060

Framleis drift

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilete av selskapet sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat. I samsvar med rekneskapslova § 3-3a blir det stadfesta at føresetnadene om framleis drift er til stades.

Til grunn for dette ligg resultatprognosar for 2024 og selskapet sine langsiktige strategiske planar for åra framover. Selskapet er i ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

Drift 2023

Årdal Kraftlag AS

Årdal Kraftlag kjøper og sel konsesjonskraft. Selskapet skal tilby kraft til konkurransedyktige prisar, og dessutan skape verdiar for Årdal kommune og lokalsamfunnet.

Det har vore lågare marknadsprisar på krafta i 2023 samanlikna med rekordåret 2022. Marknadsprisen i vårt prisområde (NO5) hadde eit snitt på 95,4 øre/kWh mot 240,81 øre/kWh året før. Mens Årdal Kraftlag sin snittpris i 2023 var på 85,6 øre/kWh mot 69,77 øre/kWh året før (alle prisar her er inkludert mva. og eks elsertifikat).

Selskapet omsette totalt 111 000 MWh konsesjonskraft mot 125 000 MWh i 2022. Dette gav ein omsetting på 83,4 MNOK mot 122 MNOK året før.

Nedgang både i salsvolum og pris, gjev likevel eit godt resultat for Årdal Kraftlag i 2023. Nedgang i salsvolum skuldast hovudsakleg mindre forbruk på bedriftsmarknaden.

Uttak av konsesjonskraft følgjer regelmessig den sokalla månedsblokkmodellen, der tildelt kraftvolum vert fordelt

Foto: Hanne Stedje

over året med eit nærmare definert volum per månad basert på gjennomsnittleg uttaksmønster. Forbruk og tildelt volum balanserer ikkje til ei kvar tid gjennom året, og selskapet må difor både kjøpe og selja kraft på spot.

Ordinært resultat før skattekostnad vart 36,9 MNOK mot 50,2 MNOK i 2022.

	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	83 364 932	122 028 113	73 933 242
Sum driftskostnader	45 595 980	72 175 044	60 680 569
Netto finans	3 182 296	405 304	-98
Driftsresultat	33 768 952	49 853 069	13 252 674
Ordinært resultat før skattekostnad	36 951 248	50 258 373	13 252 576
Årsresultat	28 817 573	40 461 521	10 337 009



Året som har gått

Årdal Kraftlag opererer med standard variabel pris, og kundane blir varsla om prisauke ein månad i forkant. Med kraftige svingingar i kraftmarknaden, har det vore tett dialog mellom administrasjonen og styret om prissetting. Årdal Kraftlag har endra sin standard variable kraftpris sju gonger i 2023.

Årdal Kraftlag har ei målsetting om å levere konkurransedyktige kraftprisar til alle våre kundar, både privat og næring. Gjennomsnittsstatistikken for privatkundar i 2023 viser at Årdal Kraftlag ligg 10 øre per kilowattime under spotmarknaden i vårt prisområde.

Ser du på prisforskjellane i gjennomsnitt for dei siste tre åra, er forskjellane endå større, og stadfestar at Årdal Kraftlag er den rimelegaste kraftleverandøren i Årdal.

Offentlege styresmakter kjem stadig med nye krav til selskapa i konsernet. Mykje av dette arbeidet vert handsama av Årdal Kraftlag. Både bransjen og den digitale utviklinga er i rask endring, og Årdal Kraftlag jobbar vidare med å førebu IT tekniske nye løysingar som kjem i 2024.

Gjennomsnitt av kraftprisar privatmarknad per månad i 2023, øre/kWh inkl. mva.



Snittpris siste tre år, øre/kWh inkl. mva.

Framtidig utvikling

Årdal Kraftlag skal vere årdalssamfunnet sitt eige kraftselskap. Målet er å vere den føretrekte leverandøren av kraft til bådе husstandar og næringsliv i Årdal Kommune. For å forvalte konsesjonskrafta på ein god måte, er det viktig at det blir jobba med å sikre tilstrekkeleg kraft til husstandar og næringsliv til konkurransedyktige prisar.

Årdal Kraftlag må tilpasse seg marknaden ved å vurdere ferje og nye tariffar. Etter kvart må ein også vurdere nye marknadsområde for selskapet.

Dette vil krevje endring i organisering, roller og oppgåver. Selskapet skal halde fram med prisar som konkurrerer med marknaden og gjev gode vilkår for industrien.

Det er viktig å følgje med på prisutviklinga på spotmarknaden og prissikre kjøp av kraft for å kunne halde gode marknadsprisar.

Det har vore viktig for Årdal Kraftlag å styrkje kommunikasjonsarbeidet og få på plass ferje og betre informasjonskanalar som gjer at Årdal Kraftlag kan

Foto: Morten Sortland

kommunisere lønsamt med kundane på ein god måte. I mai 2023 opprette selskapet ei ny stilling og tilsette ein person som kommunikasjonsansvarleg.

Både bransjen og den digitale utviklinga er i rask endring. Det er det viktig å fortsette arbeidet med å tilpasse IT-tekniske løysingar som sikrar god flyt og effektivitet i det administrative arbeidet for heile konsernet. Løpet av 2023 fornya me vårt kundeinformasjonssystem, medan me i 2024 skal bytte både lønn og ERP-system (Enterprise Resource Planning). Å flytte viktige administrative verktøy opp i skya, vil styrke verksemda ved å forenkle operasjonar og prosessar.

Straumnett

Utan straum stoppar Årdal! Verksemda leverer straum til 3602 målepunkt i kommunen. Verksemda er underlagt inntektsrammegrunnlaget fastsett av Reguleringsmyndigheten for energi (RME), som er ei avdeling i Noregs vassdrags- og (NVE).

Vedteken inntektsramme for 2023 vart på 28,7 MNOK, medan den varsla inntektsramme var på 32,7 MNOK. Årsak til nedgang skuldast endring av føresetnader på referanserente, KPI, KPI løn og kostnad på nettap. Selskapet omsette for 33,1 MNOK mot 46,4 MNOK året før.

Rekneskapen viser og ei meirinntekt på 9,4 MNOK. Straumnett hadde ei mindreinntekt på 2,0 MNOK som inngåande balanse, og korrigert for renter er den akkumulerte meirinntekta på 7,5 MNOK. Den store auken i meirinntekt har direkte samanheng med refusjon frå Hydro etter NVE vedtak om endra tariffering.

For å redusere sannsynligheita for auka nettleige grunna høge kraftprisar, har Statnett SF utbetalt flaskehalsinntekter. Straumnett tok imot 2,4 MNOK i flaskehalsinntekter i 2023, basert på ei berekning av tapskostnader per månad frå januar til desember.

Straumnett har gjennom året også hatt stor fokus på kostnadsreduksjonar, redefinering av driftskostnader til investering, og dessutan avskrivingstid for å betre resultatet og effektiviteten i selskapet.

Ordinært resultat før skattekostnad var 4,9 MNOK i 2023 mot 9,1 MNOK i 2022.

	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	33 135 040	46 368 668	40 305 291
Sum driftskostnader	28 270 400	36 635 237	37 889 712
Netto finans	82 204	-639 537	-93 560
Driftsresultat	4 864 641	9 733 431	2 415 579
Ordinært resultat før skattekostnad	4 946 844	9 093 895	2 322 020
Årsresultat	3 858 538	7 093 128	1 811 176





Foto: Marte Sortland

Året som har gått

I løpet av 2023 har Straumnett hatt mange varierte arbeidsoppgåver og naudsynte investeringar. Mellom anna har det vore stort fokus på forsterking og stolpeskift.

Det gode trekantsamarbeidet mellom Straumnett, Årdal Kommune og Årdalsnett er også vidareført. Her legg Straumnett ned straumkablar, medan Årdalsnett legg ned fiber og kommunen legg ned kabel til veglys.

I Veesblokkene er det ny infrastruktur og ny nettstasjon på plass, og dessutan nye ladepunkt for elbilar. Straumnett har også sluttført arbeidet med nye nettstasjonar i Seimsdalstunnelen (to stk.) og på Hydeq sitt område.

Selskapet har alltid fokus på å tryggja anlegga og har gjort ein del flaumsikringstiltak i løpet av året. Arbeidet med vedlikehald av høgspent- og lågspentlinjer har gått sin gang.

I juni månad vart Straumnett kåra til det mest stabile nettselskapet i landet. Som det går fram i grunngjevinga er nettselskapet alltid høgt oppe på lista, men denne gongen gjekk verksemda altså heilt til topps.

Straumnett er svært glade for å ha landa ein avtale med Hydro om ei sak om tariffar. Bakgrunnen er at Straumnett og Hydro har vore usamde om Hydro sine tariffar for bruk og fordeling av kostnadar knytt til det interne nettet til Hydro i Årdal.

I november blei det halde eit forhandlingsmøte mellom partane. Konklusjonen er at Hydro har endra sin tariff, og partane har blitt samde om eit forlik som vil gje ein effekt på nettleiga til kundane i 2024 på totalt 11 millionar kroner. Det betyr at Straumnett kunne gå mot straumen og setja ned nettleiga med heile 32 prosent for 2024 (berekning basert på ein typisk hushaldskunde med forbruk på 20 000 kWh i året). Dette i ei tid der dei aller fleste nettselskap har måtte auka prisane sine!

Foto: Morten Sortland

Straumnett har også hatt fokus på å utvikla seg i lag med den gode kompetansen som er på huset. I 2023 vart ei dyr systemløysing sagt opp og ein fekk utvikla ny og framtidsretta kartløysing frå Enduser.

På tampen av året fekk selskapet ny nettsjef. Bjarte Kapstad (50) kjem frå Bygstad, er sivilingeniør og har tidlegare jobba i Sunnfjord Energi, Statkraft og BKK. Han har teke over etter Edvard Holsæter som har gått over i ei ny rolle som senioringeniør.

Straumnett har lange tradisjonar gjennom å vere lærlingbedrift, og like før jul kunne Johannes Finden Skaim endeleg kalla seg energimontør etter å ha gått opp til fagprøve. Ny lærling er allereie på plass og han har fått ein god start.

Framtidig utvikling:
Straumforsyning er kritisk infrastruktur for samfunnet og forsyningssikkerheit er avgjerande for kundane. Straumnett har som oppgåve å byggje driftssikre fordelingsnett som sytar for færre og kortare avbrot til det beste for alle våre kundar, og dette er noko som blir jobba med kvar dag. Selskapet skal vidare ha ein sunn og god ekonomi, som gjev rett pris til kundane.

Nettselskapet merkar godt ei strammare regulering frå NVE/RME, og ein stor vilje til konsolidering. Dei store selskapa set moter for effektivitet, noko som allereie er verte utfordrande for mindre nettselskap.

Straumnett må sjå på tiltak for å auka effektiviteten. Det er elles viktig å sjå på ytterlegare kostnadsreduserande tiltak.

Skal Straumnett kunne drive på lik linje med dei store, må selskapet jobba smartare og til lågare kostnad.

Det er elles ein del større energiprosjekt på gang, og nokon av desse vil kunne få til ei større modernisering av anlegga våre. Me vil også halda fram det gode trekantsamarbeidet med kommunen og Årdalsnett for å leggja kablar i bakken.

Årdalsnett

Årdalsnett har levert eit solid 2023. Driftsinntektene var 32,4 MNOK, noko som er 2,19 MNOK betre enn 2022. Hovudinntekta er abonnementsinntekter frå privatkundar i vårt leveranse-område. Samstundes skjer veksten i bedriftsmarknaden.

Årdalsnett satsa sterkare på næringslivet i 2023, og ser at det byrjar å gje avkastning. Driftsresultatet ligg på 3,4 MNOK, med eit resultat før skatt på 2,5 MNOK.

Dette er ca. 0,6 MNOK betre enn 2022, noko me er nøgde med.

Årdalsnett held fram med ein positiv kundevekst, og hadde i utgangen av 2023 ein kundemasse på 3700 kundar, ein oppgang på ca. 80 frå 2022.

2023 vert første året i Årdalsnett si historie at verksemda betalar utbytte til sine eigarar.

	2023	2022	2021
Sum driftsinntekter	32 417 052	30 232 000	28 610 508
Sum driftskostnader	29 001 965	27 768 453	25 670 259
Netto finans	-869 351	-519 136	-988 925
Driftsresultat	3 415 087	2 463 547	2 940 248
Ordinært resultat før skattekostnad	2 545 736	1 944 411	1 951 323
Årsresultat	1 992 355	1 595 613	1 630 824



Året som har gått

2023 var for Årdalsnett eit nokså spesielt år på mange måtar, med mykje aktivitet, men også prega av hendingar som ikkje vert gløymd. Selskapet starta året med å selje seg ned i Porten, ei verksemd ein har eigd over 70 prosent av sidan oppstarten. Salet vert gjort til Polaris Media og ei strategisk viktig avgjerd både for Porten og for Årdalsnett.

Sidan 2015 har Årdalsnett hatt prosjekt INA på agendaen. I 2023 vedtok Årdalsnett å selje ut programvarerettane og danne eit selskap under Årdal Energi-paraplyen som heiter EndUser AS. EndUser kjøpte INA og har vidareutvikla dette for sal eksternt. Eit svært vellukka prosjekt for nye, spennande, teknologiske arbeidsplassar i Årdal.

I mai månad skjedde det ein aldri trudde skulle skje. Ein god kollega over mange år gjekk vekk, brått, plutseleg og heilt uventa. Hendinga har prega organisasjonen i 2023 og vil gjere det i lang tid framover. Vår kjære Kenneth var meir enn ein kollega for mange, ein nær ven, ein samtalepartnar, ein kunnskapsrik, inspirerande og klok ung mann var no vekke. For oss vil han alltid vera med, og me vil for alltid vera med han.

For Årdalsnett sine kundar har 2023 vore prega av ein del endringar, til det betre.

Selskapet har hatt ei digital omstilling, der fokuset har vore å skapa autonome prosessar på saker som tradisjonelt sett har vore gjort med dialog på telefon eller e-post. Kundane har fått mogelegheita til å utføra endringar sjølve, i sitt abonnement, på sine kanalar og på sin profil. Dette har gjort til at Årdalsnett tek ned belastninga på eige kundesenter.

Selskapet har jobba med å styrkja merkevara vår, verta meir kvalitetsbevisste i vala ein gjer, på alt ifrå grafisk profil til fakturering. Kundereisa har vore eit tema, og vil halda fram å verta ei viktig satsing inn i 2024.

Årdalsnett er ei verksemd som har satsa i andre verksemder, der Sogn Kompetanse er ein av desse. Me har i 2023 teke eit større ansvar for å få verksemda til å fungere, noko det no i 2024 ser ut til at ha vore riktig. Sogn Kompetanse vert ei viktig satsing for å behalde Årdal Vidaregåande skule, utvikle fagområde og støtte næringslivet med kompetanseheving.

Framtidig utvikling:
2024 skal Årdalsnett gjere ein del investeringar i redundant infrastruktur, sikring av lokasjonar og peika ut framtidige moglegheitsbilete. Det vert eit år prega av høg prosjektverksemd – på alle måtar eit spanande år står for tur i Årdalsnett.

Foto: Frank Tinchik

Enduser

EndUser AS vart starta i april 2023, med store mål om å levere kvalitetsprodukt innan programvarebransjen.

2023 har vore eit år der EndUser har gjort store grep for å gjere ei allereie utvikla programvare salbar.

Dette har selskapet fått til og har fleire kundar i slutten av året. Det har blitt jobba strukturert med å seksjonere modular slik at programvara skal vere enklast mogleg å ta inn i ei verksemd. Fokuset på berekraft i verksemda har gjort at ein tenkjer på nye måtar. Selskapet har utvikla funksjonar som let seg bruke på nytt i andre funksjonar.

Enduser kallar det for SSS-strategien, der det handlar om å nytte mest mogleg på nytt, arbeide for skalerbarheit og effektivitet ved å samle behov.

Verksemda starta med med to systemarkitektar og slutta året med totalt fire tilsette, då med ein programvareingeniør og ein nettverkskonsulent til på laget. Årdalsnett har leigd inn nettverkskonsulenten på fulltid for å hjelpe inn i ein teknologisk transformasjon.

I 2024 vert fokuset dreia inn mot strategi og strategisk viktige satsingar for det neste steget i EndUser. Enduser skal verta større og har høge ambisjonar!

Årdal Energi Produksjon

Som ein del av strategien til Årdal Energi Holding skal konsernet ta ei aktiv eigarposisjon i ny produksjon og nye energiformer. Det er her det nyoppstarta produksjonsselskapet vårt kjem inn i bilete. Selskapet blei etablert hausten 2023 og har tilsett ein prosjektutviklar i Arnt Erik Henjum som starta i jobben 1. februar 2024.

Satsingar innan fornybar energi inkluderer frå før Seimsdal Kraft, som vart starta opp i 2011 og har ein gjennomsnittleg produksjon på 18 GWh/år. ÅEH eig 34 prosent av aksjane i selskapet.

Offerdal Kraftverk har fått konsesjon og har planar om utbygging av to kraftverk i Indre Offerdal. ÅEH eig 10 prosent av aksjane.

Bluetec Vest sel og monterer solcellepanel. Selskapet har posisjonert seg godt i marknaden i Sogn, og det er venta ein stor auke i framtida. ÅEH er inne på eigarsida med 21,4 prosent av aksjane.

Sogn Miljøkraft er eit selskap som jobbar for å utnytta

Foto: Morten Sortland

spillvarmen frå industrien til ny energi. ÅEH eig 68,3 prosent av aksjane.

I august kjøpte Årdal Energi Holding seg inn i Norsun. Dette inngår i konsernet sin strategi og satsingsområde innan fornybar energi. ÅEH er inne på eigarsida med 4,2 prosent av aksjane.

Framtidig utvikling:
NVE venter ein betyceleg vekst i kraftforbruket frem mot 2028, og peiker på etablering av ny næringsverksemd og klimapolitikk, der elektrifisering skal erstatte fossil energibruk, som grunnar til dette.

Skal ein lukkast med det grøne skiftet, må ein få redusert gapet mellom etterspurnad og tilgjengeleg kraft i framtida.

Årdal Energi Produksjon har fleire nye, både små og mellomstore prosjekt innan sol- og vasskraft, spillvarme og energieffektivisering, som me er i gang med.

Årdal Energi Holding har også signert på ein intensjonsavtale med Hydro Reir. Hydro sitt dedikerte fornybarselskap. Partane skal utforske alle moglegheiter innan fornybar energi i Årdal kommune og i regionen. Årdal Energi Produksjon får ein viktig rolle i dette samarbeidet.

Sogn Miljøkraft

Utnytting av spillvarme er ikkje noko nytt fenomen i Årdal kommune. På 90-talet vart det etablert eit røysystem for å utnytta spillvarme frå Hydro sitt anlegg i Øvre Årdal.

I dag vert idrettshallen, friluftsbassenget og kunstgrasbana varma opp med spillvarme frå støyperiet i Tya. Sjølv om ein var tidleg ute med utnytting av spillvarme i Årdal, er ressursane frå industrien likevel svært lite utnytta.

I 2017 gjekk ei gruppe verksemder og privatpersonar saman og danna Sogn Miljøkraft med mål om å utnytte dei ressursane frå industrien som i dag blir dumpa i sjøen.

Det blei gjort nye kartleggingar på kva slags moglegheiter ein hadde i Årdal, og då først og fremst på Årdalstangen. Aktørar som Norsun, Hydro og Årdal kommune var positive til å bli med i prosjektet.

Selskapet henta i 2019 Egon Moen til rolla som arbeidande styreleiar. Han fekk i oppgåve å byggja vidare på det gode arbeidet og til å drive prosjektet framover. I slutten av 2022 gjekk Årdal Energi Holding inn som majoritetseigar i selskapet.

Planane om eit spillvarmeprosjekt på Årdalstangen kom endå eit steg nærare realisering i juni 2023 då selskapet fekk støtte av Enova på 7,4 millionar kroner.

Foto: Morten Sortland

I tillegg fekk selskapet ytterlegare støtte til å utarbeide ei konseptutgreiing i Øvre Årdal.

Sogn Miljøkraft er ei reise mot ei meir miljøvenleg framtid. Dette prosjektet kjem som eit svar på utfordringane knytt til miljøpåverknad og behovet for meir berekraftige energiløysingar.

2024 blir eit viktig år for selskapet som i dag jobbar vidare med ein plan for utbygginga på Årdalstangen og for å få realisert prosjekta i Øvre Årdal.

Foto: Jørn-Ole Sæbøvik

Arbeidsmiljø og personale

Personale

Ved utgangen av 2023 var det 31 tilsette i Årdal Energi-konsernet, der tre av desse er lærlingar. Årdal Energi Holding er eit selskap i vekst.

HMS

Årdal Energi skal vera ein trygg og god arbeidsplass. Arbeidet med helse, miljø og tryggleik har høg prioritet. Alle selskap med fleire enn fem tilsette har eige verneombod og konsernet har eit arbeidsmiljøutval.

Konsernet skal ha eit arbeidsmiljø der alle trivst og gjer ein god jobb ved at alle:

- ✓ hjelper, oppmuntrar, støttar kvarandre og visar kvarandre stor respekt
- ✓ er opne for endringar
- ✓ deler kvarandre sin kunnskap, ferdigheit og informasjon
- ✓ samarbeider og samhandlar

Alle selskap i konsernet er medlemar i Bedriftshelse1. Helsekontrollar vert gjennomført kvart tredje år, og Bedriftshelse1 hjelper elles med tenester innan arbeidshelse, ergonomi, psykisk arbeidsmiljø og systematisk HMS-arbeid.

Selskapa har også eigne avtalar med det lokale treningssenteret for å påverke til god fysisk helse.

Årdal Energi Holding gjennomfører personalmøte for alle selskap i konsernet der HMS står først på agendaen.

Det er gjennomført førstehjelpskurs for alle tilsette.

Alle selskapa i konsernet har eigne system for registrering og oppfølging av avvik og forbetringsforslag.

I 2023 har det ikkje vore rapportert alvorlege arbeidsuhell eller ulukker som er forårsaka av rutinesvikt eller brot på sikringstiltak. Det er heller ikkje rapportert utslepp av miljøfarleg avfall som påverkar det ytre miljøet.

Sjukefråvær 2023

Sjukefråværet for konsernet var på 1,6 prosent i 2023. Dette er langt under landsgjennomsnittet. Forklaringa til det låge sjukefråværet er samansett, men mykje handlar om bedriftskulturen at me har engasjerte og motiverte medarbeidarar.

Det er tett dialog mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar for å førebyggje og leggje til rette for å redusere sjukefråværet.

	2023
Årdal Kraftlag	1,9 %
Straumnett	1,5 %
Årdalsnett	1,6 %
Enduser	1, 5 %
Sogn Miljøkraft	Ingen tilsette i 2023
Årdal Energi Produksjon	Ingen tilsette i 2023
Totalt for Årdal Energi Holding	1,6 %

Openheitslov

Openhetslova tredde i kraft 1. juli 2022. Lova skal fremja verksemder sin respekt for grunnleggande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, og sikre allmenta tilgang til informasjon. Det er krav om at selskapa som er underlagd lova skal gjennomføre og publisere aktsemdsvurderingar av aktivitetar innan 30. juni kvart år. Årdal Energi Holding er eit tomt holdingselskap utan tilsette. Vår tolking er at det kun er Årdal Kraftlag i konsernet som er omfatta av reglane i openheitslova fordi selskapet overskrid grensene etter dei vilkåra som er sett. Det er krav om at selskapa som er underlagd lova skal gjennomføre og publisere aktsemdvurderingar av aktivitetar innan 30. juni kvart år.

Rapportane skal oppdaterast og publiserast på selskapet sine heimesider innan 30. juni kvart år og elles ved vesentlege endringar i verksemdene sine risikovurderingar. Eigenerklæring om openheit og informasjon om Årdal Kraftlag, kan ein finne på selskapet si nettside.

Ytre miljø

Årdal Energi Holding har ein visjon om å drive samfunnet framover på ein måte som sikrar både dagens og framtidige generasjonar sine behov. Fornybar energi er sentralt for eit framtidig lågutsleppssamfunn og berekraftig utvikling. Aktivitet påverkar natur, miljø og samfunn lokalt, men konsernet legg stor vekt på å forvalte oppgåvene på ein ansvarsfull og framtidsretta måte. Me fokuserer difor på å gjennomføre utvikling, bygging og drift på ein berekraftig og mest mogleg skånsam måte.

Nettselskapet har gått vekk frå bruk av SF6-gass til luftisolerte høgspentanlegg. Deler av bilparken er bytt ut med ladbare hybridar og heilelektriske køyretøy, og gamle kraftstolpar med kreosot blir erstatta med miljøvenlege kraftstolpar.

Årdal Energi sine etiske verdigrunnlag er eit viktig styringsdokument som tek sikte på å byggje tillit og vere ein respektert bedrift og samfunnsaktør. I 2023 bidrog konsernet med over 1,9 millionar kroner i sponsorstøtte til lokale lag og organisasjonar.

Konsernet ser kontinuerleg på måtar å redusere energiforbruket innomhus. Digitalisering av dokument og arkiv, oppfordring til å skrive ut tosidig, og bruk av elektroniske signaturar har bidrege til reduksjon i papirforbruk.

Huseigar har avtale med Sunde Resirk for handtering av avfall, og i selskapet er det fokus på kjeldesortering og gjenbruk. Årdal Energi-konsernet legg stor vekt på at tilsette tek kvalitetsbevisste og miljøvenlege val.

Foto: Morten Sørland

Diskriminering

Konsernet aksepterer inga form for diskriminering. Årdal Energi har etiske retningslinjer og rutinar for varsling av kritikkverdige forhold.

Likestilling

Årdal Energi-konsernet har dotterselskap innan nett, kraft, breiband og programmering. Dette er framleis manns-dominerte bransjar, der menn har fleirtalet av stillingane.

Konsernet har som målsetjing å ha ein arbeidsstokk og eit avtaleverk som sikrar likestilling. Lokalitetane er godt tilpassa begge kjønn.

Nøkkeltal for likestilling i konsernet ved utgangen av 2023 går fram av følgjande tabell:

	Totalt	Tal menn	Tal kvinner	Kvinnedel
Konsernstyret	5	3	2	40 %
Konsernleiinga	5	4	1	20 %
Tal lærlingar i konsernet	3	3	0	0 %
Tal tilsette i konsernet	28	24	4	14,2 %
* Styret i Årdalsnett	4	3	1	25 %

Årdal, 28. mai 2024

Egon M. Moen, styreleiar

Kirsti Eklund, nestleiar

Trude Gjermo, styremedlem

Tor Erik Sveen, styremedlem

Stian Marius Bye, tilsetterepresentant

Resultatrekneskap

Årdal Energi Holding AS

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023	Driftsinntekter og driftskostnader	Note	KONSERN 2023	KONSERN 2022
		Driftsinntekter			
0	0	Kraftsal sluttbrukar	2	79 049 413	109 305 099
0	0	Overføringsinntekt	2,4	27 665 004	40 899 184
0	0	Abonnementsinntekt	2	30 554 899	28 329 561
0	0	Anna driftsinntekt	2	4 504 791	3 962 651
0	**0**	**Sum driftsinntekter**		**141 774 107**	**182 496 495**
		Driftskostnader			
0	0	Kjøp av kraft, overføringstenester, varer	3	49 207 063	80 621 833
423 607	315 210	Lønnskostnad	5	23 364 622	18 386 791
0	0	Avskriving	8,9	9 974 276	8 081 174
1 108 603	1 456 855	Annan driftskostnad	3,5	18 161 784	15 160 894
1 532 210	**1 772 065**	**Sum driftskostnader**		**100 707 745**	**122 250 692**
-1 532 210	**-1 772 065**	**Driftsresultat**		**41 066 361**	**60 245 803**
		Finansinntekter og finanskostnader			
42 677 377	18 680 319	Andre finansinntekter	3,6	8 583 048	5 786 189
87 852	422	Andre finanskostnader	6	4 211 354	1 841 222
42 589 525	**18 679 897**	**Resultat av finanspostar**		**4 371 694**	**3 944 967**
41 057 315	**16 907 832**	**Ordinært resultat før skattekostnad**		**45 438 055**	**64 190 770**
26 921	-11 512	Skattekostnad på ordinært resultat	7	9 903 997	11 846 312
41 030 394	**16 919 344**	**Årsresultat**		**35 534 059**	**52 344 458**
		Minoriteten sin andel av resultatet		800 369	331 257
		Majoriteten sin andel av resultatet		34 733 690	52 013 201
		Overføringar			
4 600 000	5 000 000	Tilleggsutbytte	12	5 000 000	4 600 000
15 000 000	10 000 000	Ordinært utbytte	12	10 339 700	15 000 000
0	0	Avsett til minoritet	12	800 369	331 257
21 430 394	1 919 344	Avsett til annan eigenkapital	12	19 393 991	32 413 201
41 030 394	**16 919 344**	**Sum disponert**		**35 534 060**	**52 344 458**

Balanse

Årdal Energi Holding AS

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023	Eigedelar	Note	KONSERN 2023	KONSERN 2022
		Anleggsmiddel			
		Immaterielle eigedelar			
0	0	Konsesjonar, patentar o.l	8	117 755	0
0	0	Utsett skattefordel	7	1 903 813	1 568 496
0	0	Goodwill	8	0	171 687
0	**0**	**Sum immaterielle eigedelar**		**2 021 568**	**1 740 183**
		Varige driftsmiddel			
0	0	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	9	8 367 917	8 009 167
0	0	Anlegg under utføring	9	41 347	1 395 094
0	0	Overføringsanlegg, linjer, infrastruktur	9,14	117 181 019	115 874 099
0	0	Transportmidlar og maskiner	9	2 921 971	3 237 295
0	0	Driftsutstyr og inventar	9,14	5 300 276	3 887 700
0	**0**	**Sum varige driftsmiddel**		**133 812 530**	**132 403 355**
		Finansielle anleggsmiddel			
77 078 137	77 138 137	Investeringar i dotterselskap	10	0	0
1 857 606	1 857 606	Investeringar i tilknytt selskap	10	2 429 925	3 165 117
2 710 400	12 710 400	Investeringar i aksjar og partar	10	12 793 400	2 912 400
0	0	Andre langsiktige krav		1 728 436	1 724 606
81 646 143	**91 706 143**	**Sum finansielle anleggsmiddel**		**16 951 761**	**7 802 123**
81 646 143	**91 706 143**	**Sum anleggsmiddel**		**152 785 859**	**141 945 661**
		Omløpsmiddel			
0	0	Varer		771 227	960 097
		Krav			
0	0	Kundekrav	14	32 519 075	38 034 491
55 378 186	17 359 960	Andre kortsiktige krav	4,7,15	18 865 280	9 802 956
55 378 186	**17 359 960**	**Sum krav**		**51 384 355**	**47 837 447**
11 237 955	25 749 773	Bankinnskot, kontantar og liknande	16	86 610 095	69 728 686
66 616 141	**43 109 733**	**Sum omløpsmiddel**		**138 765 677**	**118 526 230**
148 262 284	**134 815 876**	**Sum eigedelar**		**291 551 536**	**260 471 891**

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023	Eigenkapital og gjeld	Note	KONSERN 2023	KONSERN 2022
		Eigenkapital			
		Innskoten eigenkapital			
29 000 000	29 000 000	Aksjekapital	11,12	29 000 000	29 000 000
74 478 768	74 478 768	Overkurs	12	74 478 768	74 478 768
103 478 768	**103 478 768**	**Sum innskoten eigenkapital**		**103 478 768**	**103 478 768**
		Opptent eigenkapital			
19 260 141	21 179 486	Annan eigenkapital	12	48 119 573	29 605 637
19 260 141	**21 179 486**	**Sum opptent eigenkapital**		**48 119 573**	**29 605 637**
0	0	Minoritetsinteresser	12	12 033 987	11 063 380
122 738 909	**124 658 254**	**Sum eigenkapital**		**163 632 327**	**144 147 785**
		Gjeld			
		Avsetning for forpliktingar			
26 921	15 409	Utsett skatt		0	0
0	0	Pensjonsforpliktingar	13	13 177 449	15 808 664
26 921	**15 409**	**Sum avsetning for forpliktingar**		**13 177 449**	**15 808 664**
		Anna langsiktig gjeld			
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	14	55 839 769	43 212 880
0	0	Anna langsiktig gjeld		10 000 000	10 000 000
0	**0**	**Sum anna langsiktig gjeld**		**65 839 769**	**53 212 880**
		Kortsiktig gjeld			
0	120 883	Leverandørgjeld	3,15	9 704 373	7 384 888
0	0	Betalbar skatt	7	9 809 149	12 617 054
21 954	21 330	Skyldige offentlege avgifter		8 875 638	9 703 599
15 000 000	10 000 000	Utbytte		10 339 700	15 000 000
10 474 500	0	Anna kortsiktig gjeld	15	10 173 131	2 597 024
25 496 453	**10 142 213**	**Sum kortsiktig gjeld**		**48 901 991**	**47 302 565**
25 523 374	**10 157 622**	**Sum gjeld**		**127 919 209**	**116 324 109**
148 262 284	**134 815 876**	**Sum eigenkapital og gjeld**		**291 551 536**	**260 471 891**

Årdal, 28. mai 2024

EGON M. MOEN
Styreleiar

JAN STIAN SMEDEGÅRD,
Dagleg leiar

TRUDE GJERMO
Styremedlem

KIRSTI EKLUND
Styremedlem

STIAN MARIUS BYE,
Styremedlem

TOR ERIK SVEEN
Styremedlem

Indirekte kontantstraum

Årdal Energi Holding AS

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023	Eigedelar	Note	KONSERN 2023	KONSERN 2022
		Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar:			
41 057 315	16 907 832	Resultat før skattekostnad		45 438 055	64 190 770
-36 299 186	-15 660 377	Inntekt på investering i datterselskap	10	0	0
-6 118 500	-1 699 583	Inntekt på investering i tilknytt selskap	10	-565 621	-4 524 882
0	0	Betalt skatt i perioden	7	-12 617 054	-2 731 764
0	0	Ordinære avskrivningar	8,9	9 974 276	8 081 174
0	0	Vinst/tap ved sal av varige driftsmidlar	9	-142 088	-106 229
0	0	Vinst/tap ved sal av finansielle anleggsmidlar		3 550	0
0	0	Endring varelager		188 870	63 007
0	0	Endring kundefordringar	14	5 515 416	-146 614
-3 000	120 884	Endring leverandørgjeld	3,15	2 319 485	-5 895 781
0	0	Forskj kostnadsført pensjon og inn/utbet pensjonsordningar	13	-2 631 215	217 893
42 827 890	-8 095 707	Endring andre omløpsmidlar og gjeldspostar		-2 821 393	-5 336 874
41 464 519	-8 426 951	Netto kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		44 662 282	53 810 701
		Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar:			
0	0	Innbet. frå sal av varige drifsmidlar	9	210 000	349 768
0	0	Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar	9	-12 522 396	-10 700 226
6 118 500	52 998 769	Innbet. frå investeringar i fin. anleggsmidlar	10	1 815 033	6 118 500
-12 227 900	-10 060 000	Utbetalingar frå investeringar i fin. anleggsmidlar	10	-10 060 000	0
-6 109 400	42 938 769	Netto kontantstraumar frå investeringsaktivitetar		-20 557 363	-4 231 958
		Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar:			
0	0	Innbetalingar ved opptak av langsiktig gjeld	14	16 953 982	24 400 000
0	0	Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	14	-4 327 093	-3 228 562
-24 600 000	-20 000 000	Utbetalingar av utbytte og konsernbidrag	12	-20 000 000	-24 600 000
0	0	Innbetalingar ved kapitalinnskot		149 600	0
-24 600 000	-20 000 000	Netto kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar		-7 223 511	-3 428 562
10 755 119	14 511 818	Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande		16 881 409	46 150 181
482 836	11 237 955	Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande 01.01.		69 728 686	23 578 505
11 237 955	25 749 773	Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande 31.12.		86 610 095	69 728 686



Notar til rekneskapen 2023

Note 1 Rekneskapsprinsipp
Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Norge.

Konsolideringsprinsipp
Konsernrekneskapen omfattar Årdal Energi Holding AS med dotterselskap. Konsernrekneskapen er utarbeida som om konsernet var ei økonomisk eining. Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert.

Konsernrekneskapen er utarbeida etter einsarta prinsipp ved at dotterselskapa følgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

Aksjar i dotterselskap er eliminert i konsernrekneskapen etter oppkjøpsmetoden. Dette betyr at det oppkjøpte selskapet sine eigedelar og gjeld vert vurdert til verkeleg verdi på kjøpstidspunktet, og eventuell meirpris ut over dette vert klassifisert som goodwill. Tilknytt selskap er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. I konsernrekneskapen er andel av resultat ført som finansinntekt og lagt til balanseført verdi og eigenkapital (eigenkapitalmetoden).

Kontantstraumoppstilling
Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Det blir tatt utgangspunkt i resultat før skatt og presentert kontantstraumar frå ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansierings-aktivitetar.

Estimat
Utarbeiding av rekneskap i samsvar med rekneskapslova krev bruk av estimat. Vidare krev bruk av selskapet sine rekneskapsprinsipp at leiinga nyttar skjønn.

Salsinntekter
Inntekter ved sal av varer og tenester blir vurdert til verkeleg verdi av vederlaget, netto etter frådrag for meirverdiavgift, returar, rabattar og andre avslag. Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på tidspunktet for levering.

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) regulerer nettselskapa si overføringsverksemd (monopolverksemd) gjennom å fastsette inntektsramme etter kvart reguleringsår. Inntektsramma med tillegg for kostnader til overliggande nett blir lagt til grunn for utrekning av tariffane. Ved endring i overført volum eller inntektsramma som ligg til grunn for tariffane vil det kunne oppstå ei meir-/mindreinntekt, som blir ført over driftsresultatet og bokført i balansen som gjeld eller fordring mot kundane. Meir-/mindreinntekta blir innkalkulert i tariffutrekningane for seinare år etter bestemte retningslinjer frå NVE.

Klassifisering og vurdering av balansepostar
Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Anleggsmiddel er vurdert til kostpris.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmiddel blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi.

Fordringar blir klassifisert som omløpsmidlar viss dei skal tilbake-betalast innan eit år.

For gjeld er analoge kriterie lagt til grunn. Avdrag første år på langsiktige fordringar og langsiktig gjeld er likevel ikkje klassifisert som omløpsmiddel og kortsiktig gjeld. Enkelte postar er vurderte etter andre reglar. Postane det gjeld vil vere mellom dei som er omtala i avsnitta under.

Immaterielle eigedelar
Immaterielle eigedelar som er kjøpt enkeltvis, er balanseført til kjøpskost. Immaterielle eigedelar overtatt ved kjøp av verksemd, er balanseført til kjøpskost når kriteria for balanseføring er oppfylt. Immaterielle eigedelar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Immaterielle eigedelar vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom dei forventa økonomiske fordelane ikkje dekkjer balanseført verdi og eventuelle gjenstående tilverkingsutgifter.

Varige driftsmiddel
Varige driftsmiddel blir balanseført og avskrive lineært over den forventa utnyttbare levetida. Ved endring i avskrivingsplan blir verknaden fordelt over gjenverande avskrivingstid ("knekkpunktmetoden"). Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført løpande. Påkostningar eller utbetringar blir lagt til kostprisen til driftsmiddelet og avskrive i takt med driftsmiddelet. Skillet mellom vedlikehald og påkostning/utbetring blir rekna i forhold til den stand driftsmiddelet var i ved kjøp. Anleggstilskot til investeringar går til frådrag på aktiverte verdiar og blir dermed periodisert over investeringa si økonomiske levetid i form av reduserte avskrivingar. Tomtar blir ikkje avskrivne. Utgifter til leige av driftsmidlar blir kostnadsført. Forskotsbetalingar blir balanseført som forskotsbetalt kostnad og fordelt over leigeperioden.

Investeringar i andre selskap
Investeringar i aksjar er balanseført til kjøpskost. Mottatte utdelingar blir resultatført som inntekt. Utbytte og konsernbidrag frå dotterselskap blir tatt til inntekt i det same året som dotterselskapet avset beløpet. Utbytte frå andre selskap blir tatt til inntekt når utbyttet er vedteke.

Nedskriving av anleggsmidlar
Ved indikasjon på at balanseført verdi av eit anleggsmiddel er høgare enn verkeleg verdi, blir det gjort test for verdifall.

Testen blir gjort for det lågaste nivået av anleggsmidlar som har sjølvstendige kontantstraumar. Viss balanseført verdi er høgare enn både salsverdi og gjenvinnbart beløp, blir det føreteke nedskriving til det høgaste av salsverdi og gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi. Bruksverdi er noverdi av framtidige kontantstraumar knytt til eigedelen. Tidlegare nedskrivingar, med unntak for nedskriving av goodwill, blir reversert viss grunnlaget for nedskrivinga ikkje lengre er til stades.

Varer
Lager av innkjøpte varer er vurdert til det lågaste av kjøpskost og netto salsverdi.

Fordringar
Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjennomført på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg vert det for andre kundefordringar gjennomført ei uspesifisert avsetning for å dekke forventa tap.

Pensjonar
Pensjonsforpliktingar som er finansierte over drifta (ytingsbaserte pensjonsordningar), blir vurderte til noverdien av dei framtidige pensjonsytingane som i rekneskapen blir rekna for å vere tente opp på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurderte til verkeleg verdi. Pensjonsordningar som er finansierte via sikra ordningar, er ikkje balanseførte.

Pensjonspremien blir i desse tilfella rekna som pensjonskostnad og klassifisert saman med lønskostnader.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir rekna ut etter lineær opptening, basert på føresetnader om diskonteringsrente, framtidig regulering av løn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar og føresetnader frå aktuar om døying, frivillig avgang osb. Ved estimatavvik blir det brukt ei korridorløysing. Estimatavvik som overstig 10 % av det høgste av forplikting og verdiar, blir amortisert over gjennomsnittleg oppteningstid. Pensjonsmidlar er vurderte til verkeleg verdi og trekte frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen. Ved rekneskapsføring av pensjon er det lagt til grunn lineær oppteningsprofil og forventa sluttløn som oppteningsgrunnlag

Skatt
Skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt. Skatt knytt til eigenkapitaltransaksjonar er ført mot eigenkapitalen. Skattekostnaden omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskapmessige og skattemessige verdiar, samt underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna og nettoførte.

Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje er utlikna og underskot til framføring, er begrunna i antatt framtidig inntening. Utsett skattefordel som kan balanseførast og utsett skatt er oppført netto i balansen.

Note 2 Driftsinntekter

MORSELSKAP			KONSERN	
2022	2023	Per verksemdsområde:	2023	2022
0	0	Kraftsal sluttbrukar	79 049 413	109 305 099
0	0	Overføringsinntekt	27 665 004	40 899 184
0	0	Abonnementsinntekt	30 554 899	28 329 561
0	0	Sal av entreprenørtenester	1 794 569	4 724 061
0	0	Anna driftsinntekt	2 710 222	-761 410
0	**0**	**Sum**	**141 774 107**	**182 496 495**

Note 3 Varekostnader

MORSELSKAP			KONSERN	
2022	2023	Per verksemdsområde:	2023	2022
0	0	Kjøp av kraft	43 113 776	63 351 048
0	0	Kjøp av overføringstenester *	-4 095 853	6 964 389
0	0	Varekjøp	10 189 140	10 306 396
0	**0**	**Sum**	**49 207 063**	**80 621 833**

* Inkludert i kostnadsførte overføringstenester 2023 er det hensyntatt reduksjon på 10,5 mill knytt til kompensasjon i samband med vedtak og pålegg om retting av tarifferingsmodell for nettkostnader frå Reguleringsmyndigheten for energi (RME).

Note 4 Monopolverksemd
Konsernet si nettverksemd (monopolverksemd) ligg i dotterselskapet Straumnett AS. Denne delen av verksemda er regulert og kontrollert av Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE). Monopolverksemda er geografisk avgrensa til selskapet sitt forsyningsområde i samsvar med områdekonsesjon.

Inntektsramma er fastsett av NVE og blir oppdatert årleg. Vedtak hos NVE tek omsyn til selskapet sine kostnader, kostnadsnorm (samanlikning med referanseselskap) og nettkapital basert på referanserente, inflasjon og referansepris på kraft. I samsvar med presentasjonskrav frå NVE viser vi rekneskapsinformasjon for nettverksemda:

Resultat frå verksemda:	**2023**	**2022**
Nettinntekter	27 665 000	40 899 184
Andre driftsinntekter	83 000	263 000
Sum driftsinntekter	**27 748 000**	**41 162 184**
Kjøp av overføringstenester	-4 096 000	6 964 389
Andre driftskostnader	24 059 000	16 770 000
Tapskostnad	3 855 000	8 442 000
Sum driftskostnader	**23 818 000**	**32 176 389**
Driftsresultat	**3 929 999**	**8 985 795**
Bokført verdi anleggsmidlar:		
Pr 01.01.	80 612 000	74 055 000
Pr 31.12.	85 878 000	80 612 000
Gj.snitt driftsmidlar	83 245 000	77 333 500
+ 1 % påslag for netto arbeidskapital	832 000	773 000
Avkastningsgrunnlag	**84 077 000**	**78 106 500**
Avkastning i %	**4,67 %**	**11,50 %**
Meir-/mindreinntekt:		
Inntektsramme	28 749 000	32 412 000
Kostnader andre nett	-4 096 000	6 964 000
Tillegg for kapital	2 923 000	408 000
Forsking og utvikling	21 000	241 000
Kilekostnader	-247 000	-164 000
ELHUB-gebyr	315 000	241 000
Sum tillate nettinntekt	27 665 000	40 102 000
Faktisk inntekt	37 070 000	40 953 000
Meirinntekt	**9 405 000**	**852 000**
Akkumulert meir-/mindreinntekt per 31.12:		
Meir-/mindreinntekt per 01.01.	-2 012 000	-2 010 000
Etterregulering av inntekt frå tidlegare år	0	-798 000
Meir-/mindreinntekt per 01.01. (ny saldo)	-2 012 000	-2 808 000
Meirinntekt	9 405 000	852 000
Akkumulert meir-/mindreinntekt per 31.12.	7 393 000	-1 956 000
Renter av meir-/mindreinntekt	120 000	-56 000
Netto meir-/mindreinntekt per 31.12.	**7 513 000**	**-2 012 000**

Note 5 Lønnskostnadar, antal tilsette, godtgjeringar, lån til tilsette mm

MORSELSKAP			**KONSERN**	
2022	**2023**	**Per verksemdsområde:**	**2023**	**2022**
383 009	285 000	Lønn	22 262 548	19 877 613
40 599	30 210	Arbeidsgjevaravgift	3 132 876	2 277 172
0	0	Pensjonskostnader	1 255 871	846 765
0	0	Andre personalkostnader	752 579	490 449
423 608	315 210	Sum	27 403 874	23 491 999
0	0	Aktiverte personalkostnader	4 039 252	5 105 207
423 608	**315 210**	**Netto lønnskostnad**	**23 364 622**	**18 386 792**
0	**0**	**Antal årsverk**	**30**	**27**

Ytingar til leiande personar

Morselskap	**Dagleg leiar**	**Styret**
Lønn	0	285 000
Anna godtgjersle	0	0
Sum	**0**	**285 000**

Konsern	**Løn**	**Anna godtgjersle**
Styret i Årdal Energi Holding AS	285 000	0
Dagleg leiar Årdal Kraftlag AS, Straumnett AS og Årdal Energi Holding AS	1 453 259	13 940
Dagleg leiar Årdalsnett AS og Enduser AS	1 106 917	30 810
Styret i Årdalsnett AS	120 012	0
Sum	**2 965 188**	**44 750**

Obligatorisk tenestepensjon:
Selskapa er forplikta til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordningane i selskapet og konsernet oppfyller krava i denne lova.

Revisor:

MORSELSKAP			**KONSERN**	
2022	**2023**	**Godtgjersle til revisor fordeler seg slik (eks mva):**	**2023**	**2022**
62 500	60 000	Revisjon og revisjonsrelaterte tenester	284 000	299 450
88 750	90 650	Andre tenester	258 650	323 937
151 250	**150 650**	**Sum**	**542 650**	**623 387**

Note 6 Finanspostar

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023	Finansinntekter:	KONSERN 2023	KONSERN 2022
1 299 186	329 000	Konsernbidrag frå datterselskap	0	0
35 000 000	15 331 377	Utbytter frå datterselskap	0	0
6 118 500	1 699 583	Inntekt frå investering i tilknytt selskap	565 621	4 667 389
259 691	1 320 359	Renteinntekt	6 819 449	1 062 800
0	0	Anna finansinntekt	1 197 978	56 000
42 677 377	**18 680 319**	**Sum**	**8 583 048**	**5 786 189**

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023	Finanskostnader:	KONSERN 2023	KONSERN 2022
0	0	Nedskrivningar av finansielle eigedelar	0	0
87 852	422	Rentekostnad	3 306 753	1 372 683
0	0	Annan finanskostnad	904 601	468 539
87 852	**422**	**Sum**	**4 211 354**	**1 841 222**

Note 7 Skatt

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023	Skattekostnad:	KONSERN 2023	KONSERN 2022
0	0	Betalbar skatt	10 347 426	13 147 379
0	0	Resultatført skatt av ytt konsernbidrag	-180 180	-285 821
26 921	-11 512	Endring utsett skatt	-263 249	-1 015 246
26 921	**-11 512**	**Sum skattekostnad**	**9 903 997**	**11 846 312**

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023	Skattepliktig inntekt:	KONSERN 2023	KONSERN 2022
41 057 315	16 907 832	Ordinært resultat før skatt	45 438 055	64 047 863
-41 057 315	-17 237 591	Permanente skilnader	-3 667 520	-10 680 752
0	0	Endring i mellombelse skilnader	1 996 745	5 415 144
0	329 759	Motteke konsernbidrag	819 759	0
0	0	Anvendt underskot til framføring	0	0
0	**0**	**Sum skattepliktig inntekt**	**44 587 039**	**58 782 255**

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023	Skattepliktig inntekt:	KONSERN 2023	KONSERN 2022
0	0	Betalbar skatt på årets resultat	9 809 149	12 932 096
0	0	Tilskot skattefunn *	0	-463 838
0	**0**	**Sum betalbar skatt**	**9 809 149**	**12 468 258**

Skatteeffekten av mellombelse skilnader som har gitt opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader:

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023	Finansinntekter:	KONSERN 2023	KONSERN 2022
0	0	Goodwill	0	171 687
0	0	Varige driftsmidlar	-3 520 234	-3 367 144
0	0	Fordringar	-196 365	1 856 253
0	0	Gevinst- og tapskonto	28 341	35 427
0	0	Pensjonspremie og andre forpliktingar	-4 381 229	-5 948 118
122 370	70 041	Aksjar og andre verdipapir	-298 064	122 370
122 370	70 041	Sum	-8 367 551	-7 129 524
0	0	Underskot til framføring	-286 146	0
122 370	**70 041**	**Grunnlag for utsett skatt (skattefordel)**	**-8 653 697**	**-7 129 524**
26 921	**15 409**	**Utsett skatt (skattefordel)**	**-1 903 813**	**-1 568 496**

Note 8 Immaterielle eigedelar med avgrensa økonomisk levetid

Konsern	Konsesjonar, patentar ol	Goodwill	Sum
Kostpris 01.01.2023	0	936 476	936 476
Tilgang kjøpte driftsmidlar	161 955	0	161 955
Avgang	0	0	0
Kostpris 31.12.2023	**161 955**	**936 476**	**1 098 431**
Akkumulerte av-/nedskrivingar 01.01.2023	0	764 788	764 788
Akkumulerte av-/nedskrivningar på avgang	0	0	0
Ordinære avskrivingar	44 200	171 688	215 888
Årets nedskrivingar	0	0	0
Akkumulerte av-/nedskrivingar 31.12.2023	**44 200**	**936 476**	**980 676**
Bokført verdi 31.12.2023	**117 755**	**0**	**117 755**
Økonomisk levetid		5 år	
Avskrivingsplan		Lineær	

Note 9 Varige driftsmidlar

Konsern	Tomtar og bygningar	Infrastruktur	Transport-midlar og inventar mv	Anlegg under utføring	Sum
Kostpris 01.01.2023	15 431 675	217 962 364	31 440 480	328 293	265 162 813
Tilgangar	704 353	7 567 330	4 375 704	797 383	13 444 770
Tilgang anlegg under utføring	0	0	0		0
Avgangar	0	11 899 113	434 503	1 084 329	13 417 945
Kostpris 31.12.2023	16 136 028	213 630 582	35 381 681	41 347	265 189 638
Akkumulerte avskrivingar 01.01.2023	7 422 508	101 827 331	24 398 786	58 165	133 706 790
Akkumulerte nedskrivingar 01.01.2023	0	181 700	20 100	0	201 800
Akkumulerte avskrivningar på avgangar	0	11 882 201	383 503	0	12 265 704
Akkumulerte avskrivingar 31.12.2023	7 768 111	96 160 965	27 246 233	0	131 175 308
Akkumulerte nedskrivingar 31.12.2023	0	181 700	20 100	0	201 800
Bokført verdi 31.12.2023	**8 367 917**	**117 287 918**	**8 115 347**	**41 347**	**133 812 530**
Avskrivningar i år	345 604	6 215 835	3 196 950	0	9 758 388
Nedskrivningar i år	0	0	0	0	0
Økonomisk levetid	40-50 år	30-60 år	3-20 år		
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	Lineær		

Tomtar og anlegg under utføring blir ikkje avskrive.

Note 10 Investeringar i aksjar og andelar

Verksemdsoversikt pr 31.12.2023

Selskap		Forretningskontor	Anskaffingsår	Konsolidert
Årdal Kraftlag AS	Dotter	Øvre Årdal	2019	Ja
Straumnett AS	Dotter	Øvre Årdal	2019	Ja
Sogn Miljøkraft AS	Dotter	Årdalstangen	2022	Ja
Enduser AS	Dotter	Øvre Årdal	2023	Ja
Årdal Energi Produksjon AS	Dotter	Øvre Årdal	2023	Ja
Årdalsnett AS	Dotter	Øvre Årdal	2001	Ja
-- Sogn Kompetanse AS	Tilknytt	Øvre Årdal	2022	Nei
-- Porten AS		Øvre Årdal	1996	Nei
Seimsdal Kraft AS	Tilknytt	Årdalstangen	2005	Nei
Bluetec Vest AS	Tilknytt	Årdalstangen	2020	Nei
Offerdal Kraftverk AS	Vik i Sogn		2006	Nei

Selskap:		Eigar- og stemmeandel	Eigen-kapital	Års-resultat	Bokført verdi
Årdal Kraftlag AS	Dotter	100,0 %	33 788 239	28 817 573	22 705 237
Straumnett AS	Dotter	100,0 %	53 106 039	3 858 538	43 000 000
Sogn Miljøkraft AS	Dotter	68,3 %	2 274 269	-77 601	1 753 400
Enduser AS	Dotter	100,0 %	27 930	-384 270	30 000
Årdal Energi Produksjon AS	Dotter	100,0 %	24 303	-5 697	30 000
Årdalsnett AS	Dotter	66,0 %	36 488 963	1 992 354	9 619 500
-- Sogn Kompetanse AS	Tilknytt	25,2 %	2 274 269	-154 079	570 842
-- Porten AS *		18,6 %	-671 000	-516 000	0
Seimsdal Kraft AS	Tilknytt	34,0 %	5 469 501	2 081 366	1 859 083
Bluetec Vest AS *	Tilknytt	23,7 %	481 987	-1 164 042	0
Offerdal Kraftverk AS *		10,0 %	26 598 323	-253 183	2 710 400

Selskap ført etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen:	Seimsdal Kraft AS	Bluetec Vest AS	Sogn Kompetanse AS	Bokført verdi
Inngående balanse 01.01.2023	3 156 942	113 990	200 000	3 470 932
Nedskrivningar	0	0	0	0
Andel årets resultat *	707 456	-103 245	-38 674	565 537
Overføringar til selskapet (utbytte)	-1 699 500	0	0	-1 699 500
Vurderingsskilnader	-305 815	-10 745	409 515	92 955
Utgående balanse 31.12.2023	1 859 083	0	570 841	2 429 925

* For Porten AS og Bluetec Vest AS er det brukt tal for 2022.

Note 11 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i morselskapet består av:	Antall	Pålydande	Bokført
Ordinære aksjar	100	290 000	29 000 000

Selskapet er 100 % eigd av Årdal kommune.

Note 12 Eigenkapital

Morselskap	Aksje-kapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Utdekt tap	Sum
Eigenkapital 01.01.2023	29 000 000	74 478 768	19 260 141		122 738 909
Tilleggsutbytte			-5 000 000		-5 000 000
Avsett utbytte			-10 000 000		-10 000 000
Årsresultat			16 919 344		16 919 344
Eigenkapital 31.12.2023	29 000 000	74 478 768	21 179 486		124 658 254

Konsern	Aksje-kapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Minoritet	Sum
Eigenkapital 31.12.2022	29 000 000	74 478 768	38 930 503	11 599 060	154 008 331
Korrigering pensjonsforpliktingar per 01.01.2023			-9 324 866	-535 680	-9 860 546
Eigenkapital 01.01.2023	29 000 000	74 478 768	29 605 637	11 063 380	144 147 785
Tilleggsutbytte			-5 000 000		-5 000 000
Avsett utbytte			-10 000 000	-339 700	-10 339 700
Årsresultat			34 733 690	800 369	35 534 058
Andre endringar			-1 219 754	509 937	-709 816
Eigenkapital 31.12.2023	29 000 000	74 478 768	48 119 573	12 033 986	163 632 327

Note 13 Pensjon

Konsern

Spesifikasjon av balanseførte pensjonsforpliktingar:	2023	2022
Brutto pensjonsforplikting	76 202 654	70 224 759
Brutto pensjonsmidlar	61 187 771	55 870 754
Netto pensjonsforplikting	15 014 8830	14 354 005
Arbeidsgjevaravgift på netto pensjonsforplikting	1 591 5780	1 521 524
Ikkje resultatført tap/gevinst av estimat- og planavvik inkl aga	-3 429 0120	-66 865
Netto bokførte forpliktingar inkl arbeidsgjevaravgift	13 177 4490	15 808 664

I årsrekneskapen 2022 for Årdal Energi konsern er ikkje pensjonsforplikting balansefert for alle selskapa i konsernet med ytingsbaserte pensjonsordningar. I årsrekneskapen for 2023 er dette hensyntatt, og samanlikningstal for 2022 er omarbeidd tilsvarande.

Medlemsstatus:	2023	2022
Talet på yrkesaktive personar i ordninga	26	27
Talet på oppsette personar i ordninga	14	11
Talet på pensjonistar i ordninga	20	18

Økonomiske forutsetningar:	2023	2022
Diskonteringsrente	3,10 %	3,00 %
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	5,30 %	5,20 %
Forventa lønnsvekst	3,50 %	3,50 %
Årleg pensjonsregulering	2,80 %	2,63 %
Årleg regulering av grunnbeløpet i folketrygda	3,25 %	3,25 %

Note 14 Lån, pantstilling og garantiar mv.

Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt:

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023		KONSERN 2023	KONSERN 2022
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	35 046 860	36 830 030

Gjeld som er sikra ved pant ol:

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023		KONSERN 2023	KONSERN 2022
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	55 839 769	43 212 880

Bokført verdi av pantsette eigedelar:

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023		KONSERN 2023	KONSERN 2022
0	0	Linjer/infrastruktur	117 478 402	115 874 099
0	0	Driftsutstyr og inventar	5 017 476	3 567 200
0	0	Kundefordringar	32 030 477	38 238 180
0	**0**	**Sum**	**154 526 355**	**157 679 479**

Note 15 Mellomverande med dotterselskap

	2023	2022
Andre kortsiktige fordringar	15 660 377	51 299 186
Anna kortsiktig gjeld	0	10 069 500
Sum	**15 660 377**	**41 229 686**

Note 16 Bankinnskot

MORSELSKAP 2022	MORSELSKAP 2023		KONSERN 2023	KONSERN 2022
16 920	16 296	Bundne skattetrekksmidlar	897 017	1 050 900

BDO

BDO AS
Verksvegen 5
6884 Øvre Årdal

Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Årdal Energi Holding AS

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Årdal Energi Holding AS.

Årsrekneskapen består av:

- Selskapsrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, oppstilling over kontantstraumar for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen og notar, frekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp
- Konsernrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap, oppstilling over kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, frekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav
- Gjev selskapsrekneskapen eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2023, og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg
- Gir konsernrekneskapen eit rettvisande bilete av konsernet Årdal Energi Holding AS si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med krava i relevante i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (inklusive dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga.Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Permeo Dokumentnøkkel: PZGPU-CG6V4-DG838-KS1V35-F7P8T-A5MX6

BDO

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal givast i tråd med gjeldande lovkrav.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for nødvendig internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:
https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

BDO AS

Jan Inge Rygg
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Rygg, Jan Inge
Statsautorisert revisor
På vegne av: BDO AS
Serienummer: no_bankid:9578-5993-4-2508172
IP: 77.16.xx.xxx
2024-06-03 06:38:26 UTC
bankID

Permeo Dokumentnøkkel: PZGPU-CG6V4-DG838-KS1V35-F7P8T-A5MX6

Årdal Energi Holding AS
Utladalsvegen 1, 6884 ØVRE ÅRDAL
Tlf: +47 57 64 86 00 / post@ardal-energi.no

Grafisk design: Adundas Design